

Radøy Kommune
Krossvegen 8

5936 MANGER

Sakshandsamar: Kari Morvik
Telefon: 90734161
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Vår referanse: 16/5250
Dykkar referanse: 16/162 - 16/5089
Vår dato: 03.05.2016
Dykkar dato: 18.04.2016

Att: Tonje Nepstad Epland

RADØY KOMMUNE HORDALAND - VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID MED PLANPROGRAM - PLANSAK 12602016000100 KOMMUNEDELPLAN FOR BØVÅGEN - UTTALE

Vi viser til brev av 18.04.2016 frå Radøy kommune med melding om oppstart av arbeid med kommunedelplan for Bøvågen.

Kommunedelplanen omfatter same geografiske område som tidligere framlegg til områdeplan for Bøvågen. Vi har tidlegare, 26.09.2013, gjeve uttale til oppstart av områdeplan for Bøvågen og 11.05.2015 uttale til 1. gongs høyring. Det er ikkje kome til nye opplysningar om fiskeriinteresser, eller nye registreringar av marint biologisk mangfald som vi er gjort kjent med, etter dette.

Fiskeridirektoratet region vest sitt ansvar

Fiskeridirektoratet region vest er statleg sektormynde for forvaltning av fiskerinæringa og akvakulturnæringa i Hordaland og Sogn og Fjordane. I plansaker og søknader om tiltak som kjem i berøring med vårt sektorområde, er det vårt ansvar å ivareta sjømatnæringane sine interesser og syte for at det vert teke omsyn til bevaring av marint biologisk mangfald.

Vurdering av oppstartsmelding kommunedelplan for Bøvågen

Vi kan ikkje sjå at arbeid med kommunedelplan for Bøvågen kjem i berøring med vesentlige fiskeriinteresser, etablert akvakulturverksemd eller kjente registreringar av marint biologisk mangfald i sjøområda innafor det skisserte planområdet. Det er etablert fiskemottak og fiskeforedling på industriområdet i Bøvågen som det må takast omsyn til.

Vi har ingen vidare merknader til oppstartsmeldinga utover at framlegg til plan med

kart og føresegner sendast på høyring til Fiskeridirektoratet region vest, pb 185
Sentrum, 5804 Bergen.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Radøy Kommune	Krossvegen 8	5936	MANGER
---------------	--------------	------	--------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN